

Lokal forskrift 17. juni 2024 nr: \* \_\_\_\_\_  
Skulerute for grunnskulane i  
Vanylven kommune, Møre og Romsdal

(\*nr på forskrifta kjem frå lovdata når denne er kunngjort i Norsk Lovtiend)

Kommunestyret i Vanylven kommune for grunnskulane Vanylven kommune.

Dato for vedtaket: 17.juni 2024

Forskrifta er heimla i Opplæringslova § 14-1 andre ledd.

## § 1. Formål

Forskrifta skal gje informasjon om korleis kommunen fastset dei skule- og feriedagar elevane skal ha komande år. Elevane har rett og pilt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Opplæringa skal årleg strekkje eg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret.

## § 2. Verkeområde

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om skule- og feriedagar for elevane (skulerute). Skule- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.

## § 3. Skulerute Vanylven kommune

Grunnskulane i Vanylven kommune fyl skuleruta til Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunen sin skuleskyss fyl oppsettet til fylket.

## § 4. Saksgang og eventuelle endringar

Møre og Romsdal fylkeskommune legg ut skulerute for omlag tre år av gangen.

Kvar haust sender Møre og Romsdal fylkeskommune ut eit framlegg til skulerute. Høyringsfrist 15.januar.

Oktober - gjennomgang av skulerute på rektor – og styrarmøte.

November - skuleruta vert meldt som sak til Livsløpsutvalet.

Eventuelle endringar vert meldt til fylkeskommunen innan 15.januar.

Vedtatt skulerute vert lagt på heimesida til Vanylven kommune og distribuert til leiinga på grunnskulane i Vanylven kommune.

## § 5. Iverksetjing

Lokal forskrift trer i kraft 01.august 2024.